



Året 2004 har vore aktivt for prosjektet. Vi har i tillegg til det prosjektet vi starta med også vore involvert i tre delprosjekt, Vestvågøyprosjektet, Aurlandsprosjektet og forprosjekt for Friskere geiter fase 2. Det er særleg sistnemnde delprosjekt, samt Friskere geiter fase1 som det er brukt mykje tid og pengar på frå vår side. Det er til saman brukt i overkant av 3 millionar kroner på kartlegging og smittesanering i 2004.

Sal av livdyr

Kjeinga strekkjer seg no over heile året dersom vi ser landet under eitt. Men for mange er det no i desember den tek til, eller litt utpå nyåret. Etterspurnaden etter livdyr er litt aukande, men den kunne vore mykje større. Det er ein mykje lettare saneringsmetode å slakte buskapen og kjøpe inn nye, friske dyr, enn å gjennomføre sanering med full snapping, utan tilskot av livdyr frå andre.

De som skal selje dyr, må tenkje over korleis helsetilstanden i buskapen er, også utanom dei tre sjukdommane vi sanerer for. Det gjeld fyrst og fremst lus og munnskurv, men også luftvegsproblem. De som har sanert ved snapping, har eit fortrinn her, då geitene dykkar er kvitt svært mange sjukdommar i tillegg til desse tre.

Men det har heldigvis dukka opp nokre friske buskapar også, etter prøvetakinga i år. I desse buskapane, og i dei som berre har slakta nokre få dyr, kjenner vi likevel ikkje smittestatus for andre sjukdommar så godt. Ved sal av livdyr vil vi difor be alle om å fylle ut eigenerklæringa som de finn på internett på adressa: <http://leine.no/htg/sanering/info/salg/Egenerkl.pdf>

Det er lagt ut ei liste over dei buskapane som er mest sikkert negative for CAE. Det betyr ikkje at andre ikkje kan selje livdyr. I andre buskapar er ikkje resultatet til no like godt dokumentert, men dyra der er sjølvsagt fullt brukbare, berre ein er klar over at risikoen for at det dukkar opp positive dyr er noko større. Adressa er her: <http://leine.no/htg/sanering/info/salg/index.htm>
Dersom de ikkje vil stå på lista, så sei frå.

Medarbeidarar i prosjektet

Det er lagt ut ei liste over medarbeidarar i prosjektet Friskere geiter. Dersom de lurar på kven de skal kontakte, kan de for eksempel ut frå lista finne nokon som bur nær dykk, eller de kontaktar personar sentralt. Det er mange som kan formidle informasjon no.

<http://leine.no/htg/sanering/kontakter/index.htm>

Det er også meir nytt å finne på Internett. Sjå f eks:

<http://leine.no/htg/sanering/Nyinfo/index.htm>

Resultat

Etter sanering for CAE


I 2004 vart det testa 3200 dyr frå 30 buskapar. Det var berre negative dyr i 21 buskapar. Åtte buskapar hadde frå 1-4 CAE-positive dyr, tilsaman 20 dyr. I prosent pr buskap er dette frå 0,7-12,3%.

1 buskap hade 21 CAE-positive dyr.

Det vil alltid bli ein del CAE-positive etter ei sanering. I utlandet, der dette er gjort tidlegare, reknar ein med at under 5% CAE-positive etter ei sanering er bra. Hjå oss var det i 2004 berre to buskapar som låg over 3,4% CAE-positive.

Dette er vi godt tilfreds med, og det ligg ein


stor innsats bak desse tala. Det er ikkje noko problem at nokon ligg over 5%. Innsatsen her har vore minst like stor som hjå dei andre, men ulike forhold har ført til at det har blitt fleire CAE-positive. Vi har alle dei 30 buskapane under kontroll, og i dei buskapane der det er noko meir CAE-positive dyr, blir det teke blodprøver noko hyppigare enn elles.



Etter fleire prøvetakingar, med utslakting av positive dyr, vil vi koma ned på 0 positive. Dette kan vi sjå ut frå resultatet i dei buskapane som har sanert på den måten. Ingen av desse, som har meir enn tre prøveomgangar, har no CAE-positive dyr.

Byllesjuka

Det er ikkje påvist klinisk byllesjuka i nokon sanert buskap enno.



Paratuberkulose

To buskapar som sanerer no, har hatt påvist paratuberkulose dei siste åra. Her veit vi ikkje så mykje enno, men vi har håp om at vi skal greie å få bukt med denne sjukdommen også. Siri Kulberg har skrive ei oppsummering frå eit arbeid som vart gjort like før jul. Dette er resultat ved bruk av ei ny testmetode for påvisning av paratuberkulose tidleg etter smitte. Denne testmetoden ser lovande ut.

Bruk av interferon gamma (IFN- γ) testen for påvisning av paratuberkulose hos geiter

Av Siri Kulberg, avdeling for dyrehelse, Veterinærinstituttet, Oslo

En av målsettingene i prosjektet "Friskere geiter" er å utrydde paratuberkulose i norske geitebesetninger. Med dette ønsker man å heve produksjonsresultatet, samt øke dyrehelsen og dyrevelferden. Sanering av besetninger skjer ved at en "snapper" kjeene fra geita rett etter kjeing for å hindre overføring av smitte gjennom morsmelka.

Paratuberkulosebakterien overlever lenge i miljøet, f.eks på beiter, og overvåking av dyrene er derfor en viktig oppfølging til saneringen. Jevnlig testing av dyrene gir oss muligheten til å plukke ut nysmittede dyr så tidlig som mulig og på denne måten forhindre reintroduksjon av infeksjonen i besetningen.

I forbindelse med dette ble i alt 10 besetninger (1.010 geiter) testet for paratuberkulose ved hjelp av IFN- γ testen. Arbeidet ble utført ved seksjon for immunprofylakse, Veterinærinstituttet. Av de testede besetningene var to vaksinert (87 dyr), mens en hadde status som paratubekulosesmittet. Vaksinerte geiter vil ved denne testen fremstå som positive for paratuberkulose. Resultatet ble som følger:

- 862 av geitene var negative (85%)
- 64 av de vaksinerte dyrene (6,3%) og ingen av de uvaksinerte dyrene var sterkt positive.
- 9 av de vaksinerte dyrene (0,9%) og 9 av de uvaksinerte dyrene (0,9%) var svakt positive
- 66 prøver fra vaksinerte og uvaksinerte dyr ble underkjent (6,5%).

En del prøver ble underkjent og kunne derfor ikke tolkes. Dette skyldes at IFN- γ er til stede i blodprøven uavhengig av stimulering med paratuberkulose antigener, og kan muligens forklares med eventuelle andre infeksjoner hos dyret som gir forhøyede IFN- γ verdier i blod.

Ni uvaksinerte dyr hadde svakt positive IFN- γ verdier. Det er likevel lite sannsynlig at disse 9 er smittet med paratuberkulose. En forklaring på dette kan være at blodprøvene ble tatt ganske tett opp mot innsett på høsten, noe som øker sjansen for eventuelle kryssreaksjoner mot andre mykobakterier i miljøet og øker sjansen for falske positive svar. Underkjente prøver og prøver som ble klassifisert som svakt positive vil bli testet på nytt 1-2 måneder etter første prøve ble tatt ut. Totalt må 68 prøver tas på nytt (6,7%).

I den besetningen som har status som paratubekulosesmittet, er dyrene vaksinert, og det er derfor ikke mulig å plukke ut eventuelle smittede dyr fra vaksinerte. Totalt sett viser dette resultatet at "snapping" av kje er en effektiv måte å sanere geitebesetninger for paratuberkulose.

Friskere geiter fase 2

Resultatene i Friskere geiter fase 1 har vært så lovende at det har vært sterkt medvirkende til at vi nå kan utvide prosjektet. Gjennom Jordbruksavtalen i 2004 ble det besluttet å videreføre smittesaneringsarbeidet på geit. Heretter vil derfor Friskere geiter bli betydelig utvidet, delprosjektene blir slått sammen til "Friskere geiter", og langt flere besetninger vil kunne få mulighet å få friskere dyr.

2005 vil bli et nytt spennende år. Vi ønsker alle et godt nytt smittefritt og friskt år.